



Årdal, 17.06.2019

Valdansvarlege

Vår ref.  
19/4-13

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi,

Arkiv  
K2 - K40

## Informasjon om hjort- og elgjakta i Årdal 2019

I det følgjande har me oppsummert hovudpunkta knytt til hjort- og elgjakta i 2019. Informasjonen vert sendt ut på e-post slik at det er lett for dykk som valdansvarlege å senda vidare ut til grunneigarar og jegerar i dykkar vald. Informasjonen vert også sendt ut i brevform, med det formelle fellingsløyvet (som skal fyllast inn og leverast når jakta er over).

Det er framleis spanande tider for hjorteviltet og oss som lever med og av dyra. Alle 15 kommunar i Nordfjella-regionen er no bedt om å redusera bestandane av hjort og elg til under halve storleiken av 2016-nivået. Dette for å hindra at skrantesjuka får fotfeste i hjort- og elgbestandane. Årdal kommune er ein av kommunane i Nordfjella-regionen, og skal såleis halvera bestanden. Viss tal felte dyr er eit bilete på bestandsstrleiken, vil ei halvvering bringa oss «attende» til tidleg 2000-talet. Dette har isolert sett både fordeler og ulemper. Lærdal og Aurland kommunar er bedt om å redusera ytterlegare fordi dei har spesielt tette hjortebestandar og eit stort overlapp med Nordfjella sone 1.

Førebels er det ikkje påvist smittsam skrantesjuka på korkje hjort eller elg, noko som er godt nytt. Dette gir håp om at me skal klara å utrydda sjukdommen.

Jegerane i Årdal har vore utruleg flinke til å fella mykje hjort dei siste åra. Rekordhøg felling i 2017 og ein tøff påfølgjande vinter med høg dødelegheit har truleg resultert i at bestanden av hjort i Årdal allereie er noko redusert. Sett-hjort-tala i 2018 tyda i allefall på ein reduksjon i bestanden. Men kanskje spelte også mykje dårleg ver i september og oktober ei rolle hausten 2018? Me må uansett ha eit høgt jakttrykk nokre år før me har den tettleiken som er tilrådd. Jegerane såg lite kalv førre haust, berre 0,5 kalv pr kolle. Med den snille vinteren me har hatt no kan me kanskje forventa ei rekordhøg kalving? Det vert spanande å sjå kva jegerane registrerer gjennom jakta denne hausten!

I punkta under prøver me å lista opp viktig informasjon for jakta til hausten. Om det er spørsmål, er det berre å ta kontakt!

## Kvoter/samarbeid

Bestandsplanen for hjortevilt i Årdal 2019-21 legg føringane på løyvetildelinga. Vedlagt er ein oversikt over tildeling til dei ulike valda, både for hjort og elg. Det er 268 fellingsløyve årleg for hjort i planperioden, totalt 804 løyve fordelt på åra 2019, 2020 og 2021. Dette er ei auke i løyvetildelinga på 20% i høve førre planperioden. Når målet er ein monaleg bestandsreduksjon, er det fornuftig å nytta ein større del av totalkvota i planperioden dei fyrste åra. Det er ingen begrensningar på om eit vald kan nytta løyve som er «tiltenkt» 2020 eller

2021 allereie no denne hausten. Ta gjerne kontakt om dette treng meir omtale. I nokre område vil det også vera lurt å vurdera om løyve skal flyttast mellom valda. Dette er enkelt, og krev berre ein samjaksavtale mellom valda som samarbeider. Ordninga vart nytta litt i førre planperiode, men har potensial til å verta mykje meir nytta! Dei valda som av erfaring veit at dei ikkje vil nytta heile kvota, bør tidleg høyra med andre vald om dei er interessert i å få/kjøpa/bytte løyve. Ferdig formular for samjakt ligg på heimesida til kommunen.

Fordelinga på planlagt felling er beskrevet i bestandsplanen og kjem fram i vedlegga med oversikt over kvoter. Utfordringa no er at me skal fella meir hjort enn dei fleste i utgangspunktet kanskje vil ønskje. Det vil då verta lengre mellom hjortane. Likevel lyt me halda oppe jakttrykket og me må forventa at me treng meir tid på fellingane. Om me klarar å redusera stamma ved å jakta hardt på kalvar, unge/små dyr og koller, vil me truleg forma hjortestamma til ein endå sunnare bestand. Hugs at dei vaksne bukkane har viktige funksjonar i bestanden. Ofte får dei litt for hard beskatning i jakta.

Det valdet som får fellingsløyvet tildelt, skal rapportera resultatet, uavhengig av om løyvet er nytta på eit anna vald. På settogskutt registrerer jegerane fellinga på det valdet som dyret vart jakta på. Fellingsavgifta vert fakturert valdet som fekk løyvet. Det som truleg vil vera begrensande for jaktuttaket til hausten er jegeranes tilgjengelege tid til å jakta. Dei valda som «føler seg ferdig» med å jakta i løpet av hausten og som har mykje dyr i terrenget, bør vurdera om dei kan sleppa fleire jegerar inn i terrenget. Dette kan gjerast anten ved at jegerar har med «eigne fellingsløyve» eller at fleire jegerar kan koma inn og jakta på dei løyva som er gitt det aktuelle valdet.

### **Jakttid**

Jakttida for hjort og elg i Lærdal/Aurland/Årdal er i utgangspunktet 1. sept – 23. des. Alle 15 kommunar i Nordfjella-regionen har gått saman om ein søknad om utvida jakttid både for hjort og elg. Det gjenstår å sjå kva denne vil opna for. Uansett vil ein eventuell utvida jakttid for å nå fellingsmåla verta gjenstand for diskusjon lokalt før den vert ein realitet. Om me klarar å fella mykje hjort i normal jakttid, vil det heller ikkje vera trong for utvida jakt. Likevel vil januar mange plassar vera ein effektiv tid å målretta ta ut kalvar og ungdyr fordi mykje hjort då er nede på innmarka. Nokre område er også ein del «plaga» av hjort på innmark. Ein eventuell jakt i januar kan vera eit godt høve til målretta å gjera noko med dette. Info om eventuelle endringar i jakttida vil koma når Miljødirektoratet har handsama søknaden.

Kvota på elg er den same som før. Det vert delt ut 12 fellingsløyve på elg. Det som er nytt i denne planperioden er at målet er å vri avskytinga meir over på unge dyr. Målet er 50% felling på kalv og resten på ungdyr av begge kjønn (altså ingen vaksne dyr).

### **CWD – prøvetaking**

Alle felte dyr som er vaksne skal jegerane ta prøve av sjølv (altså ikkje kalvar og 1,5 åringar). Jegerane i Årdal har vore flinke til å ta prøvar dei siste åra, bra jobba! Prøveresultata er svært viktige for vegen vidare. Info og utlevering av prøvemateriell skjer som i fjor, på jegermøte i august og i kasse ved skytebana på Knipenborg. All generell informasjon om CWD er samla på: <http://www.hjortevilt.no/skrantesjuka/>

### **Jegermøte**

Me tek sikte på å ha eit jegermøte i august. Det er mykje info og sikkert ein del spørsmål. Info om dato og stad for møtet kjem seinare.

## Helikopter

Me jobbar for å få til at tilbodet om utflyging av slakt også skal omfatta Årdal kommune. Info om dette kjem når me veit meir.

## Sal av slakt

I 2017 vart det etablert kjøtmottak og viltbehandlingsanlegg på Håbakken og i Flåm. Dette er operativt også i 2019. Her er det også høve til å hengja opp slakt i påvente av svar på CWD-prøve om nokon skulle ha behov for dette. Ta kontakt om dette kan vera aktuelt for dykkar vald og de treng meir informasjon.

## Sett-og-skutt

All jakting skal registrerast på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no). Planen er at settogskutt skal verta ein app før jakta til hausten. Settogskutt fungerer no veldig bra og gir oss moglegheit til å følgja med på fellingsresultatet undervegs i jakta. Me kan då også vurderer om det er naudsynt å forlengja jakttida eller å stimulera på andre måtar. CWD-prøvene skal registrerast på settogskutt slik at de kan finna att prøveresultatet på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no). Settogskutt og hjorteviltregisteret skal slåast saman før jakta, så det kan hende det kjem nokre endringar på adressa som skal nyttast. Info om dette kjem.

**Viktig:** I 2018 vart det gjort nokre endringar på korleis jegerane skulle registrera jaktinga si på settogskutt. I korte trekk var endringa den at alle observerte dyr skulle registrerast, uavhengig av om dyret med sikkerhet var sett fleire gonger/av fleire i jaktlaget. Me trur ikkje mange fekk med seg denne endringa, og endringa var heller ikkje godt marknadsført. I tida no er sett-hjort-registreringane viktigare enn nokon gong fordi me på den måten kan følgja med på endringane i bestanden opp i mot målet om reduksjon. Endring i måten å føra på er difor uheldig fordi det vert vanskelegare å samanlikna tala mellom åra. Difor har me beslutta at me **IKKJE VIL FØLGJA** endringa som det er lagt opp til i føring av sett-hjort. **Alle jegerar i Årdal skal altså føra sett-hjort som før 2018, og ikkje ta hensyn til endra instruks! Ergo, registrer sett-hjort som «vanleg»!**

## Human jakt

Sjølv om det er ambisiøse mål om høg felling, er det viktig at de tenkjer sikkerheit og human jakt når de er ute. Skyt kalven før kolla! Hugs plikten til å ha tilgang på ettersøkshund – og bruk hunden når uhellet er ute! Her har me ein del å gå på!

## Merka hjort

Det er meldingar som tydar på at det framleis er hjort som er merka med GPS-halsband i Årdal. Dette er dyr som vart merka for mange år sida. Desse/dette dyret kan gjerne fellast. Det er interesse for å få inn litt data på slike merka dyr, så ta kontakt om eit merka dyr vert felt. Dei to kollene som vart merka i Naddvik har no droppa klava, og kan godt skytast (dei har klype i øret).

## Fellingsavgift

Avgift ved felling i 2019 er som følgjande:

Voksen hjort	360
Hjortekalv	220
Voksen elg	480
Elgkalv	275

Det er planlagt fritak for fellingsavgift på kalv. Dette vert innarbeidd frå 2020.

## **Rådyr**

Det er søkt om opning for rådyrjakt i Årdal kommune. Den saka er ikkje ferdig handsama. Info om dette vert sendt ut når saka er ferdig.

## **Fluor/kjeveinnsamling**

Som før vert det innsamling av ALLE KJEVAR frå hjort, elg og evt. rådyrjakta. Kjevane skal REINSKJERAST OG TURKAST og hengjast opp på vanleg stad ved skytebana på Knipenborg. Kjevane vert aldersbestemt og analysert for fluorskade. Info om resultatata vert sendt ut til valda når dei er ferdige. Hugs å merka kjevane med merkelappen.

## **Skitt jakt!**

Med helsing

Magnhild Aspevik  
landbrukssjef  
Landsbrukskontor ÅLA

Knut Fredrik Øi  
Sakshandsamar Felles

## **Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
17.06.2019	Løyvetildeling Årdal 2019 elg	300455
17.06.2019	Løyvetildeling Årdal 2019 hjort	300456